

---

**Saknr:** 2020/35690-8  
**Saksbehandlar** Åshild Fossgard Sandøy  
**Dato:** 01.04.2020

---

---

**Til:** Hovudutavl for Samferdsle og Kollektiv  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Tilleggsnotat – Kontrakt for Rutepakke 3 Lokalbåter i Gulen og Solundl

Det vart i Fylkesutvalets møte den 26. mars stilt ein del spørsmål knytt til fartøykrava som er lagt til grunn i kontrakten om drift av Rutepakke 3. Fylkesrådmannen har fått spørsmåla oversendt og vil i det følgjande gje svar på desse.

#### Spørsmål 1:

*«Er det rett at det å gå ned frå 25 til 19 pax vil gje mulighet for mindre bemanning (einmanns-bemanning)? Vil ikkje det måtte avklarast i kvart enkelt tilfelle, utfrå båtsertifikat mm?»*

Sjøfartsdirektoratet si praksis er at fartøy med opptil om lag 20 passasjerar som utgangspunkt kan køyre med berre ein i mannskap. Ved fastsetting av bemanningskrav vil Sjøfartsdirektoratet vektlegge fleire forhold, blant anna tek dei omsyn til kva farvatn ein skal trafikkere i og om det skal transporterast barn. Etersom fleire av sambanda i rutepakke 3 frakter skulebarn, betyr dette at det er usikkert om desse sambanda kan nytte einmannsbesetning.

Som nemnd i tilleggsnotatet vedlagt saka til FUV den 26. mars, vurderer Fylkesrådmannen at eit minstekrav om passasjersertifikat for 19 passasjerar vil vere tilstrekkeleg for dei aktuelle sambanda. Dersom fartøya på einskilde tider på året skulle ha for lite kapasitet, vil kontrakten gje fylkeskommunen rett til å krevje at operatør gjennomfører ein eller fleire ekstra avgangar.

Eit krav om at fartøyet skal vere sertifisert for minimum 25 passasjerar vil kunne redusere tal tilbydarar og gje dagens operatør eit konkurransefortrinn. Eit slikt krav vil dermed kunne forringe konkurransen. Eit minimumskrav om at fartøya skal kunne

frakte 19 passasjerar vil ikkje utelukke at ein i konkurransen kan få tilbod om større fartøy.

### Spørsmål 2:

*«Kva fartsområde ligg dei enkelte rutene i? Og sett det spesielle krav til båtane?»*

Farvatnet som sambanda i Rutepakke 3 er omfatta av er definert som fartsområde 3. Det er Sjøfartsdirektoratet som fastset kva krav dette stiller til fartøyet og som har tilsynsansvaret knytt til slike forhold. Til dømes må passasjersertifikatet for fartøyet vere godkjent for det aktuelle farvatnet.

### Spørsmål 3:

*«Har fylket lov til å ikkje sette krav til universell utforming på båtane? Er det i så fall ei rein politisk avgjerd, dersom universell utforming ikkje har tilbakeverkande kraft i kravet til båtar? Meiner administrasjonen at forlenging av anbudsperiode ikkje har noko betydning for saka?»*

For passasjerfartøy under 15 meter lengde er det ikkje fastsett nokon eksplisitte forskriftskrav til universell utforming slik som for større fartøy. Også for fartøy over 15 meter lengde er det berre dei fartøya som er bygd etter 2010 eller som har gjennomført ei vesentleg ombygging av passasjerareala som er bunden av krava om universell utforming i forskrifta om «Bygging av skip». Fleire av dei fartøya i marknaden som vil kunne vere aktuelle å tilby for desse sambanda er rundt eller under 15 meter i lengd. Fleire av dei er også bygd før 2010.

Fylkeskommunen er etter Likestilling- og diskrimineringsloven pålagt å sikre at verksemda er universelt utforma, altså at verksemda er slik utforma at den kan nyttast av så mange som mogeleg, uavhengig av funksjonsnedsetting. Regelverket opnar likevel opp for at fylkeskommunen kan fråvike dette utgangspunktet dersom det å overhalde denne plikta vil innebere «en uforholdsmessig byrde for virksomheten», jf. Likestilling- og diskrimineringslova § 17. Bestemmelsen angir at blant anna «effekten av å fjerne barrierer for personer med funksjonsnedsettelse» og «kostnadene ved tilretteleggingen» vil vere svært relevant i vurderinga av om unntaksadgangen kan nyttast.

Dagens operatørar opplyser om at det er svært sjeldan det er reisande med rullestol. Dei tilfella der rullestolbrukarar skal om bord, blir dei i dag løfta om bord i fartøyet, alternativt at dei nyttar ein rampe. Vidare er dette små fartøy. Dersom det vert stilt krav til universell utforming i samsvar med dei krava som gjeld for nyare fartøy over 15 meter vil dette truleg medføre at fartøya må byggast om på ein slik måte at dei

forringar kvaliteten for dei øvrige reisande. Den positive effekten av å leggje til rette vil derfor truleg vere marginal.

Vidare vil det kunne bli praktisk utfordrande for fleire av fartøya å oppfylle krava til universell utforming i tråd med forskriftskrava for større fartøy utan å auke storleiken på fartøya. Bruk av slike utformingskrav vil derfor med stort sannsyn auke kontraktskostnadane vesentleg som følgje av redusert tal tilbydarar, store ombyggingsbehov eller tilbod om nybygg. Sjølv om kontraktsperioden no er forlenga til 7 år med 1+1 år forlenging, har Fylkesrådmannen vurdert at kostnadane knytt til krav om universell utforming vert uforholdsmessig høge sett opp mot nytteverdien som desse tiltaka vil ha i desse sambanda.

#### Spørsmål 4:

*«Er turen til Mastrevik inne i rute 14-318 sjølv om den ikkje er teikna inn på kartet i saka?»*

Rutetilbodet i rute 14318 Gulen - Ytre Solund er tenkt vidareført, inkludert turane til Mastrevik.